



Britt Inger Myhr
5981 MASFJORDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1188 - 23/3144

Sakshandsamar:
Erik Klausen
erik.klausen@masfjorden.kommune.no

Dato:
05.04.2023

Referat HTV-møte 24.03.2023

Fredag 24.03.2023 – klokka 11.00 – 12.00, kommunestyresalen Sandnes

Saker:

- **Godkjenning av referat sist HTV-møte, 06.02.2023**
Teke til vitring

- **Oppdatering av status på saker frå referat sist HTV-møte 06.02.23**
Diskuterte klesgodtgjersle.
Det vil kome inn formelt krav om forhandlingar om nye satsar for klesgodtgjersle.
 - **Etter møtet: Krav om forhandlingar for klesgodtgjersle motteke av kommunen 28.03.2023.**

- **Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune, 2023 – 2027**
Informerte om korleis prosessen vert vidare for å gje tilsette moglegheit til å gje tilbakemelding.
 - Kommunen vil leggje til rette for at tilsette får uttale seg.Ønskje om at planen skal vere tydelegare på rekruttering og å halde på kompetanse.
Korleis skal ein få tak i kompetanse til å fylle oppgaver?
 - **Forslag om å lage eit strategidokument for korleis rekruttere ønska kompetanse til Masfjorden kommune.**Fekk overlevert innspel til høyringa frå klubben til Utdanningsforbundet frå Nordbygda skule.

- **Opningstid tenestetorg – sak går ut**
Ferdig handsama administrasjonsutvalet, 13.03.2023.
Attendemelding på prosessen i denne typen sakar - Har tillitsvalde og dei som er råka av endringane vore involverte og fått uttale seg i saka på eit tidleg tidspunkt?

- **Felles kontaktsenter – sak går ut**
Vart beden om sak til møte i administrasjonsutvalet 05.06.2023.
Kommunen vil ha tett dialog med dei tilsette og ha ein ryddig prosess. Ha ein sakleg drøfting og involvere tillitsvalde og dei som vert råka av eventuelle endringar.
Attendemelding på prosessen i denne typen sakar - Har tillitsvalde vore involvert i saka på eit tidleg tidspunkt?

- **Avtale tid for eige møte om rutinar rundt tilsettingsprosessar**

Onsdag 19. april, klokka 13.00 – 14.00 på møterom Utsikten på kommunehuset.

- **Eventuelt andre saker**

Kommunen skal gjennomføre medarbeidarundersøking. **10 faktor**

- Medarbeidarundersøking
- Tatt opp i AMU. Vedtak 21.03.22
- Kommunen vil køyre ein prosess og leggje til rette for gjennomføring hausten 2023.
- Kommunen er medviten på korleis ein kan slå saman tilsette i små avdelingar saman i grupper. Passe på å sikre at dei tilsette får svare anonymt .
- Knytte det til HMT-dag.

- Neste HTV-møte: 2. mai. 14.00 – 15.00

Med helsing

Erik Klausen
personalleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Britt Inger Myhr		5981	MASFJORDNES
Kjersti Furnes Soltvedt		5913	MASFJORDNES
Laila Herbst Totland			
Oddvin Arne Neset			
Svein Helge Hofslundsengen	Øyna 12	5913	EIKANGERVÅG
Sveinung Toft		5993	OSTEREIDET
Ørjan Valestrand			